



07.11.2013

NVE
Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Arkivsak: 13/2245
Løpenr.: 13/13293
Sakshandsamar:
Steinulf Skjerdal
-

Melding om politisk behandling – Søknad om løyve til bygging av Kjerringnes Kraft

Vi viser til dykkar brev dat. 21.08.13.

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret har gjort slikt vedtak i møte den 07.11.2013, sak 72/13:

«Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Kjerringnes Kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg.

Av omsyn til landskapsbiletet og biologisk mangfald bør det setjast som vilkår for konsesjon slepping av minstevassføring lik 5-persentilen sommar for perioden 1/5 – 30/9 og 5-persentilen vinter for perioden 1/10 – 30/4.

Det må setjast krav til støydempende tiltak ved val av byggjematerialar og isolasjon av kraftstasjonen. Avlaupet må utførast med vasslås.

Tilrådinga gjeld også om det skulle bli aktuelt å flytta kraftstasjonen til alternativ plassering nærare Kjerringnes.»

Vedlagt fylgjer saksutgreiing i saka, og protokoll frå kommunestyret si handsaming. Dette brevet vert sendt pr. post og pr. epost til nve@nve.no

Med helsing

Anita Bjørk Ruud
Politisk sekretariat

Vedlegg: Saksutgreiing og saksprotokoll frå kommunestyret.